

Kafè i same lokala på Brekketoppen på 50-talet.

10.06.2013



Saja Kafè held til i tradisjonsrike lokale.

I lokala der Saja Kafè no held til har det vore mange slags aktivitet tidlegare. Heilt frå Arne B. og Hally Myklebust bygde huset på 50-talet og fram til i dag har 1.etasje vore fylt med ulike handels- og servicetilbod. Vi kjenner til at det har vore bank og forsikring, røyrleggjarforretning og målarforretning, og no sist bilberging og bilutleige. Frisør har det vore i to omgangar; - først ved Helvik då huset var nytt, og i i seinare år har Zjakk halde til der nokre år. Noko som dukka opp i samband med kafèopninga, var spørsmålet om det har vore kafè der også tidlegare.



Einar Gjertsen er ein av dei som kan fortelje om den gamle kafèen

Dette spørsmålet vart raskt avklara etter samtalar med Einar Gjertsen, Sigurd Myklebust og Otto Blokhuis som alle hugsar den gamle kafèen. Einar kan fortelja at han som gutunge sprang over vegen og kjøpte is og brus der. Det var jo ikkje nett daglegdags på den tida. Han hugsar og at disken var plassert på same vis som skranken i gamlebanken då Arne Mussland styrte. Over disken var det eit glasskap slik at gjestene kunne sjå kva dei hadde å by på i kafèen. Einar hugsar og godt reklameskilta frå Hansa med Perle og Bruse som stod inne i lokalet.

Einar og Sigurd kan fortelja at det var Einar Blokhuis som dreiv kafèen, og det var derfor naturleg å ta kontakt med bror hans, Otto Blokhuis. Otto Blokhuis har lang tid bak seg i hotellbransjen, og då Husnessamfunnet vart etablert i samband med Søral-utbygginga, bygde han opp eit moderne hotell på Husnes. Dette dreiv han og familien i mange år.

- Ja, dette stemmer! Eg var faktisk med og hjelpte til i kafèen og serverte. Eg var alt byrja i hotellbransjen, men når eg hadde fri og var heime, var eg i kafèen og hjelpte bror min. Vi serverte ikkje varm mat. Det gjekk i kaker,

kaffi, is, brus og den slags. Det vart ein populær møteplass særleg for ungdommen, men og for eldre. Det vart som eit midtpunkt i bygda, fortel Otto.

Han fortel at kafèen var i drift eit års tid i 1957-58.

Otto fortel at han for lengst har bestemt seg at han skal besøkje Saja. - Det skal ikkje verta lenge til. Eg har i alle fall høyrte rykte om at det er ein god plass, og at dei serverer god mat, seier Otto før han legg til. - Då skal eg blinda att, trekkje inn lufta i lokala og mimre tilbake til 50-talet.

Den erfarne hotellmannen seier at han håpar at dei som driv er tolmodige, for det tar tid å etablere kafèdrift på plasser som Uskedalen. Det er absolutt grunn til å høyre på han, for det er ein mann med mykje erfaring og livsvisdom.

Underteikna syns det har vore interessant å høyre opplysningane som er komne frå Einar Gjertsen, Sigurd Myklebust og Otto Blokhus. Det ligg mykje bygdehistorie i huset på Brekketoppen!

Av: Thor Inge Døssland.



På Saja Kafè kan vi nyte god mat både inne og ute, eller ta med maten heim.